



**NVE**  
Reguleringsmyndigheten  
for energi – RME

# **Årsrapport 2020**

Reguleringsmyndigheita for energi

15. mars 2021

## Innhold

<b>1. DEL I: FRÅSEGN FRÅ LEIAREN.....</b>	<b>3</b>
<b>2. DEL II: INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL.....</b>	<b>4</b>
2.1    OM RME.....	4
<b>3. DEL III: AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2020 .....</b>	<b>6</b>
1.    HOVUDMÅL 1: RME SKAL FREMJE EIN SAMFUNNSØKONOMISK EFFEKTIV PRODUKSJON, OVERFØRING, OMSETNAD OG BRUK AV ENERGI .....	6
3.1    DELMÅL 1: HA GOD OVERSIKT OVER UTVIKLINGSTREKKA I DET EUROPEISKE ENERGISYSTEMET, POLITIKK- OG REGELVERKSUTVIKLINGA I EU OG KORLEIS DETTE PÅVERKAR NOREG .....	6
3.2    DELMÅL 2: BIDRA TIL EFFEKTIVE KRAFTMARKNADER GJENNOM REGULERING OG TILSYN.....	7
3.3    DELMÅL 3: BIDRA TIL EFFEKTIV DRIFT, UTNYTTING OG UTVIKLING AV KRAFTNETTET OG PRODUKSJONSRESSURSAR GJENNOM REGULERING OG TILSYN .....	8
3.4    DELMÅL 4: DELTA AKTIVT I REGIONALT OG EUROPEISK REGULATORSAMARBEID.....	11
3.5    SAMLA VURDERING AV HOVUDMÅLET .....	12
3.6    VURDERING AV BRUKAR- OG SAMFUNNSEFFEKTER.....	12
3.7    SÆRSKILDE OPPGÅVER.....	13
3.8    OMTALE AV RESSURSBRUK .....	19
<b>4. DEL IV: STYRING OG KONTROLL.....</b>	<b>19</b>
<b>5. DEL V: VURDERING AV FRAMTIDA .....</b>	<b>20</b>
<b>6. PUBLIKASJONSLISTER .....</b>	<b>22</b>

## I. DEL I: Fråsegn frå leiaren

RME har i 2020 bidrege med viktige tiltak for å modernisere drift og utvikling av kraftsystemet for å handtere konsekvensane som følgjer av elektrifisering av transportsektoren, tilknytning av ny fornybar kraftproduksjon, meir effektkrevjande forbruk mv. Her inngår mellom anna vurdering og avgjerder som er viktige for utnyttinga av mellomlandskablane, verdiskapinga i norsk regulerbar vasskraft og for driftstryggleiken i Norden. Vi har òg gjort fleire andre tiltak som legg til rette for meir effektiv drift og utvikling av kraftsystemet slik at nivået på investeringar i nettinfrastruktur ikkje blir for høge eller låge, og at drifta er kostnadseffektiv.

EUs tredje energimarknadspakke vart gjennomført i norsk rett 1. november 2019. Frå same dato peika Olje- og energidepartementet ut Reguleringsmyndigheita for Energi (RME) som uavhengig reguleringsmyndigheit med tilsyn med dei nasjonale marknadene for elektrisitet og naturgass og ansvar for utvikling og oppfølging av marknadsregelverket. RME si oppgåve er å syte for at aktørane følgjer regelverket som sikrar like konkurransevilkår i kraftmarknaden og effektiv drift av straumnett. RME fungerer i samsvar med vedtekne lov- og forskriftsendingar som ei eiga og uavhengig eining i NVE sin organisasjon, med eit eige budsjett fastsett av Stortinget. RME leverer difor ein supplerande årsrapport til NVE sin årsrapport, og skildrar der aktivitetar og resultat i 2020. Rekneskapen for RME er fullt ut rapportert i årsrekneskapen for NVE.

### Utvalde hendingar 2020

**Også 2020 var eit innhaldsrikt år innanfor alle delar av samfunnsoppdraget vårt. Vi har valt ut fem hendingar der vi har hatt store leveransar.**

#### **Styrking av Statnetts insentiv til kostnadseffektivitet**

RME har føreslått å endre på metoden for å fastsetje kostnadsnorma som inngår i berekninga av Statnett sine inntektsrammer. Føremålet er å styrkje insentivet selskapet har til kostnadseffektivitet, slik at nettleiga ikkje blir høgare enn naudsynt. Vi har føreslått at effektiviteten ved Statnett skal målast mot eit glidande fem års historisk gjennomsnitt av deira eigne kostnader og oppgåver. Metoden er i all hovudsak den same som ein bruker i den europeiske benchmarkinga av TSO-ar, som ein gjennomfører periodevis i regi av CEER. Metoden for å fastsetje kostnadsnorma ut frå den berekna kostnadseffektiviteten er den same som for andre nettselskap, men i tillegg blir den berekna kostnadsnorma justert ned med 1,5 prosent for til ein viss grad å ta omsyn til forventa produktivitetutvikling. På oppfordring frå Statnett vart høyringsfristen utsett frå 4. desember 2020 til 4. januar 2021.

#### **Modell for å fordele tilskot til utjamning av nettleige som tek omsyn til avgifter**

På oppdrag frå OED har RME utarbeidd ein ny modell som skal brukast til å fordele tilskot til utjamning av nettleige. Oppdraget var at den nye modellen skulle baserast på den som har vore brukt tidlegare, men at han i tillegg skulle ta omsyn til at nettleiga til nettselskapa er underlagd ulike krav når det gjeld meirverdiavgift til hushaldsbruk og elavgift. Den nye modellen reduserer tilskota til selskapa i Nord-Noreg samanlikna med det dei ville fått med den førre fordelingsmodellen. Dette kjem av at kundane betaler mindre i elavgift og meirverdiavgift enn i resten av landet. RME la fram si tilråding til modell 2. oktober 2020.

#### **Driftskoordinering i det norske kraftsystemet**

På oppdrag frå OED leverte RME i november 2020 ein gjennomgang av organiseringa av driftskoordineringa i kraftsystemet. Vi har vurdert om dagens oppgåver, plikter og ansvarsdeling mellom systemansvarleg og nettselskapa er presisert tydeleg nok i dagens regelverk, og om det er behov for å etablere ordningar for regional og lokal nettstyring. Vi har òg skildra føremålstenleg informasjonsutveksling mellom aktørane i kraftsystemet. I gjennomgangen peikar RME på at auka digital informasjonsutveksling legg til rette for at meir informasjon med betre kvalitet kan delast effektivt mellom nettselskap, systemansvarleg og marknadsaktørar.

Vidare syner RME til at tydeleg ansvarsdeling og effektiv samhandling er føresetnader for effektiv driftskoordinering.

### Stor aktivitet i engrosmarknaden

Kabelen mellom Tyskland og Noreg skal setjast i kommersiell drift i 2021. Prøvedrift av kabelen starta i 2020. RME har hatt stor aktivitet med relevante partar for å leggje til rette for dei naudsynte regulatoriske prosessane. RME har òg handsama søknad om og gjeve marknadsplasskonsesjonar til fleire enn éin marknadsplass. Det er no fleire marknadsplassar som tilbyr tenester i Noreg. Vidare er det stor aktivitet i reguleringsmyndigheitene i Norden for å førebu overgang til flytbasert kapasitetsberekning og utvikling av ny nordisk balanseringmodell.

### Fornyng av omsetningskonsesjonane

I 2020 har RME fornya omsetningskonsesjonane til alle konsesjonærar. Alle selskap som sel elektrisk energi eller eig og driftar overføringsnett, må ha ein omsetningskonsesjon frå RME. Det er litt over 600 selskap som har omsetningskonsesjon. Fornynging gjev RME oppdatert informasjon om selskapa i kraftbransjen og gjev oss høve til å føre kontroll med dei. I samband med fornynging har RME utvikla eit system for automatisk handsaming av søknadene som har letta arbeidet med fornynging og vil redusere bruken av ressursar for å drifte ordninga i åra som kjem.

## 2. Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

### 2.1 Om RME

Reguleringsmyndigheita for energi (RME) vart 1. november 2019 peika ut av OED som uavhengig<sup>1</sup> reguleringsmyndigheit for verksemdene i Noreg som driv med kraft og naturgass.<sup>2</sup> RME sine oppgåver og ansvarsområde overfor desse verksemdene, og samfunnet elles, følger av:

- Energilova og tilhøyrande forskrifter, medrekna forskrift om nettregulering og energimarkedet (NEM)
- Naturgasslova og tilhøyrande forskrift

RME skal bidra til å nå hovudmålet om å «Fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv produksjon, overføring, omsetnad og bruk av energi»<sup>3</sup>. Som del i dette arbeidet skal RME syte for at alle aktørar i kraftbransjen rettar seg etter plikter som følger av regelverket. RME skal blant anna;

- føre tilsyn og kontroll med ulike sider av nettselskapa si verksemd
- førehandsregulere nettselskapa sine vilkår om tilgang og tilkopling til nettet, medrekna nettselskapa sine tariffar og inntekter
- fastsetje eller godkjenne metodar knytte til drifta av nettet
- ha kontroll med vilkår for tilgang til grensekryssande infrastruktur

RME skal også sikre at nettselskapa har riktige insentiv til å auke effektiviteten, fremje marknadsintegrasjon, forsyningsstryggleik og tilhøyrande forskingsverksemd.

<sup>1</sup> RME fungerer i samsvar med dei vedtekte lov- og forskriftsendringane som ei eiga og uavhengig eining i NVEs organisasjon med eit eige budsjett fastsett av Stortinget gjennom løyingsvedtak, jf. kap. 1820, post 26.

<sup>2</sup> i samsvar med energilova § 2-3 og naturgasslova § 4.

<sup>3</sup> RME sitt hovudmål er endra til "Fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit vel fungerande kraftsystem" frå 01.01.2021


RME skal føre kontroll med Statnett som systemoperatør for transmisjonsnettet. Dette inkluderer blant anna å peike ut og sertifisere systemoperatøren, kontroll knytt til systemansvaret og overvaking av investeringsplanane til Statnett. RME følgjer også opp handelsløysingar og kapasitetsutnytting på utomlandssambanda.

RME skal overvake kraftmarknaden. Blant anna skal reguleringsmyndigheita undersøkje korleis kraftmarknaden fungerer og overvake gjennomføringa av effektiv marknadstilgang og velfungerande marknader på sluttbrukarnivå, og bidra til å sikre forbrukarvern.

For engrosmarknaden er det mykje fokus på å vidareutvikle marknadsdesignet, tilsyn og oppfølging av kraftbørsane. RME handhevar marknadsåtferdsreglane i NEM-forskrifta, og det inkluderer informasjon og rettleiing, innhenting av data og utvikling av analyseverktøy og i tillegg oppfølging av konkrete saker. Vidare skal reguleringsmyndigheita føre tilsyn med tilkoplingsplikta til nettselskapa og bidra til å avverje mogleg konkurranseskadeleg kontraktspraksis.

RME skal ha oppgåver knytte til rapportering, publisering, overvaking mv. Dette inkluderer blant anna å ha oversikt over investeringar i ny produksjonskapasitet i lys av forsyningssikkerheit og gjennomføring av mellombelse sikringstiltak. RME skal samarbeide med nasjonale myndigheiter og reguleringsmyndigheiter for energi i andre land. RME skal føre tilsyn med tryggleik i AMS og i Elhub.

RME skal ha god oversikt over europeisk regelverksutvikling og forståing for korleis utviklinga påverkar Noreg. Det inneber kunnskap om og oppfølging av EUs regelverksutvikling på marknadsdesign og systemdrift.



Figur 1: Organisasjonskart per 31.12.2020

### 3. Del III: Aktivitetar og resultat i 2020

RME styrte i 2020 etter hovudmålet om å «Fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv produksjon, overføring, omsetnad og bruk av energi» innanfor sitt ansvarsområde. I tillegg var det fire delmål i 2020. Desse var:

1. RME skal ha god oversikt over utviklingstrekk i det europeiske energisystemet, politikk- og regelutviklinga i EU og korleis dette påverkar Noreg.
2. RME skal bidra til effektive kraftmarknader gjennom regulering og tilsyn<sup>4</sup>.
3. RME skal bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet og produksjonsressursar gjennom regulering og tilsyn.
4. RME skal delta aktivt i regionalt og europeisk regulatorsamarbeid.

#### 1. Hovudmål I: RME skal fremje ein samfunnsøkonomisk effektiv produksjon, overføring, omsetnad og bruk av energi

Det norske kraftsystemet er tett integrert med Norden og Europa. Energi- og klimapolitikken i EU har difor innverknad på kraftsystemet vårt. RME har i 2020 nytta mykje ressursar til arbeid med å vareta Noreg sine interesser og behov på prioriterte område. Vi har òg utvikla det nasjonale regelverket for energimarknaden gjennom forslag til forskriftsendringar. I 2020 vart det gjort ei rekkje tiltak for å utbetre den økonomiske reguleringa av nettselskapa. I 2020 gjorde RME nær 2.000 ulike tilsyn av verksemder som omfattar alt frå nettselskap, krafomsetjarar og overvaking av aktørane som handlar på elbørs. Resultata synar at gjennomføring av tilsyn er viktig for å sikre at aktørane overheld regelverket. Føremålet er å leggje til rette for velfungerande konkurranse, styrkje insentiv til effektiv drift og utvikling av kraftnettet, og leggje til rette for føremålstenleg bruk av ny teknologi. Effekten er at vi på denne måten har bidrege med viktige tiltak for å modernisere drift og utvikling av kraftsystemet for å handtere konsekvensane som følgjer av elektrifisering av transportsektoren, tilknytning av ny fornybar kraftproduksjon, meir effektkrevjande forbruk mv. Ein marknadsdesign som tek omsyn til fysikken i kraftsystemet, er sentralt for å sikre ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem i framtida.

#### 3.1 Delmål I: Ha god oversikt over utviklingstrekk i det europeiske energisystemet, politikk- og regelverksutviklinga i EU og korleis dette påverkar Noreg

Det norske kraftsystemet er tett integrert med Norden og Europa. Kraftsektoren blir stadig meir integrert, og dermed treng ein meir harmonisert regelverk. Rettsaktene til den tredje energimarknadspakka vart tekne inn i EØS-avtalen 1. november 2019.

Harmoniseringa av regelverket skjer ved at det blir utarbeidd og implementert forordningar med regelverk og metodar. Forordningane går no frå utviklingsfase til implementering. Dette er eit omfattande, komplisert og ressurskrevjande arbeid som er sentralt for å vareta Noreg sine interesser og behov. Reguleringsmyndigheitene må bli samde om konkrete løysingar som systemansvarlege og kraftbørsar skal følgje i drifta av kraftsystemet, og som reguleringsmyndigheitene skal handheve. Dette er komplekse spørsmål som er viktige for utviklinga av energisystem for framtida, blant anna for utnyttinga av mellomlandskablane, verdiskapinga i norsk regulerbar vasskraft og for driftstryggleiken i Norden. Det er ressurskrevjande å kome fram til felles syn og vedtak blant reguleringsmyndigheitene, og det krev eit sterkt fagmiljø som kan delta i arbeidet og følgje prosessane over tid

---

<sup>4</sup> Dette inneber spesielt oppfølging av systemansvarleg

gjennom aktiv deltaking i nordisk og europeisk regulatorsamarbeid. I 2020 har vi brukt mykje ressursar til dette arbeidet på prioriterte område.

RME har følgd opp Rein energipakka som vart vedteken i EU i mai 2019. Rein energipakka, som er ei delvis vidareføring av tredje energimarknadspakke, er ei omfattande energipakke, og består av fleire rettsakter. RME har arbeidd særskilt med marknadsdesigndelen og gjeve innspel til Olje- og energidepartementet i denne samanhengen.

RME er reguleringsmyndigheit for naturgassmarknaden i Noreg. Innføring av Rein energipakka i norsk rett medfører at dette blir ei større oppgåve for RME i framtida. Naturgassmarknaden i Noreg er liten samanlikna med gassmarknaden i Europa. Reguleringa vil i størst mogeleg grad bli tilpassa norske forhold.

### **3.2 Delmål 2: Bidra til effektive kraftmarknader gjennom regulering og tilsyn<sup>5</sup>**

RME har i 2020 satt i gang fleire tiltak for å bidra til effektive kraftmarknader. Vi har foreslått forskriftsendringar og gjennomført tilsyn for å sikre at eksisterande regelverk blir fulgt. Mellom anna fungerer nå Elhub godt etter oppstarten i 2019, og behandlinga av omsetningskonsesjonar blir gjort på ein meir effektiv måte som sikrar likebehandling av aktørane. Eit fyste tilsyn med tryggleik i Elhub har blitt gjennomført, for å sikre at data er tilgjengeleg for relevante aktørar utan at andre får tilgang til disse. Konkurransen i sluttbrukarmarknaden har fått likare vilkår gjennom splitting av kundedatabasar mellom kraft og nett. RME har og fått laga ein rapport om sluttbrukarmarknaden som vil ligje til grunn for vidare arbeid for eit meir effektivt og transparent sluttbrukarmarknad. Samla sett vil tiltaka bidra til meir effektive kraftmarknader.

RME har i 2020 foreslått endringar i krava til funksjonalitet og tryggleik i avanserte måle- og styringssystem (AMS), og i tillegg fleire mindre forskriftsendringar mellom anna knytte til reglane om fakturering av straum, tilgang til og kontroll av elektrisitetmålar og standardisert gebyr for handtering og kontroll av måledata som er lesne av manuelt. RME har behandla over 330 klager på AMS-gebyr. Eit standardisert gebyr for manuell målaravlesing vil gjere reglane klarare både for kundane og nettselskapa, og vonleg redusere talet på usemjesaker mellom kunde og nettselskap.

På oppdrag frå RME har Oslo Economics skrive ein rapport om tiltak for ein meir effektiv sluttbrukarmarknad. Føremålet med rapporten er å kartlegge utfordringar i sluttbrukarmarknaden og sjå på moglege tiltak for å bidra til ein meir effektiv sluttbrukarmarknad. Rapporten vil bli brukt i vidareutvikling av reguleringa av sluttbrukarmarknaden.

I 2020 har RME fornya omsetningskonsesjonane til alle konsesjonærar. Alle selskap som sel elektrisk energi eller eig og driftar overføringsnett, må ha ein omsetningskonsesjon frå RME. Det er litt over 600 selskap som har omsetningskonsesjon. Fornyngja gjev RME oppdatert informasjon om selskapa i kraftbransjen og gjev oss høve til å føre kontroll med dei. I samband med fornyngja har RME utvikla eit system for automatisk handsaming av søknadene som har letta arbeidet med fornyngja og vil redusere bruken av ressursar for å drifte ordninga i åra som kjem.

Regelverket om nøytralitet set krav om at nettselskap som har felles kunde- eller måleverdidatabasar med integrert kraftleverandør, må splitte desse databasane innan 1. januar 2021. Mellom anna som følgje av covid-19 situasjonen vart det klart at fleire nettselskap ikkje ville rekkje fristen, og RME la i 2020 til rette for at selskap

---

<sup>5</sup> Vi viser til kapittel 3.7.10 Tilsynsverksemda til RME for omtale og vurdering av tilsynsaktivitetane i 2020.

kunne søkje om utsett frist for splitt. Selskap som viste til særlege grunnar for utsetjing, fekk ein førebels dispensasjon frå kravet slik at arbeidet med splitting kunne bli gjort på ein effektiv måte.

RME har i 2020 hatt oppsyn med drifta og utviklinga av Elhub med faste regelmessige møte og vidareutvikling av den økonomiske reguleringa av Elhub. Føremålet er å bidra til ei effektiv avrekning og drift av kraftmarknaden. Vidare har RME gjennomført tilsyn for å sjå til at Elhub driv informasjonssystemet på ein sikker måte. Tryggleik i Elhub er viktig sidan det er eit sentralt IT-system som skal syte for effektiv og sikker utveksling av kundeinformasjon. I tillegg blir Elhub nytta til mellom anna leverandørskifte, avrekning, og fakturering av nettleige og straumsal.

RME har i 2020 starta eit arbeid med å styrkje kompetansen innanfor tryggleik i kraftforsyninga. Hevinga av kompetanse skal sikre at RME si oppfølging av tryggleik framleis er oppdatert og relevant.

Statistikk over leverandørskifte, sluttbrukarprisar for straum, nettleige i regional- og distribusjonsnettet og avbrotstatistikk blir normalt jamleg oppdatert på reguleringsmyndigheten.no. Ved overgangen til Elhub vil statistikken bli basert på data som ligg her, dette har gjeve statistikken ein høgare kvalitet enn tidlegare. I 2020 vart sluttbrukarstatistikk over leverandørskifte, marknadsdelar og kor mange kundar som er på leverandørplikt, for fyrste gong publisert med data frå Elhub.

Etter tilsyn med straumleverandørane i 2020 har RME vedteke avvikling av straumavtalar der forbrukar betaler eit jamt månadleg beløp for straum og nettleige gjennom året. Vedtaka gjeld 15 straumleverandørar, og straumavtalar til om lag 150 000 straumkundar. Vedtaka skal sikre at forskrifta blir fulgt av kraftleverandørane, slik at kundane får eit klart prissignal. Fleire av desse har vore påklaga til Energiklagenemnda.

Arbeidet med utvikling av forordningane knytte til system og marknad har vore omfattande i 2020. Arbeidet med å førebu ny metode for kapasitetsfastsetjing (flytbasert kapasitetsfastsetjing) i Norden er inne i ein arbeidsintensiv implementeringsfase, og RME har vore aktivt med i samarbeid med systemansvarleg og andre nordiske reguleringsmyndigheiter. Dette arbeidet bidreg til best mogleg utnytting av eksisterande infrastruktur og effektiv marknad.

RME har følgd opp at ansvaret marknadsplasskonsesjonær og avrekningsansvarleg handterer, er i tråd med konsesjonar. I denne samanhengen har RME arbeidd for ei tilpassing til nye europeiske reglar der det er konkurranse mellom marknadsplassar for kraftomsetnad. Vidare har RME brukt mykje ressursar for å få dei regulatoriske avklaringane på plass i tide for oppstart av NordLink og NSL. Det er viktig for best utnytting av dei nye utomlandssambanda og effektiv drift.

Tilsyn med marknadsåtferd og transparens i kraftmarknaden er grunnleggjande for ein effektiv marknad. I 2020 har RME arbeidd målretta med å utvikle datavarehus og verktøy for å overvake engrosmarknaden på ein betre måte. Vidare har RME utarbeidd og publisert fleire rettleiarar til marknadsaktørane knytte til regelverket om forbod mot marknadsmanipulasjon og publisering av innsideinformasjon.

### **3.3 Delmål 3: Bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet og produksjonsressursar gjennom regulering og tilsyn<sup>6</sup>**

RME har i 2020 lagt til rette for auka fleksibilitet for både produksjon og etterspurnad, for å fremje effektiv drift og utvikling av kraftnettet. Vi har utvikla det nasjonale regelverket for energimarknaden gjennom forslag til og

---

<sup>6</sup> Vi viser til kapittel 3.7.10 om Tilsynsverksemda til RME for omtale og vurdering av tilsynsaktivitetane i 2020.



vedtak av forskriftsendringar. Det har blant anna vore forskriftsendringar knytt til den økonomiske reguleringa for å styrkje incentivet selskapet har til kostnadseffektivitet slik at nettleie ikkje blir høgare enn naudsynt, tilretteleggjing for finare tidsoppløysing i balanseavrekninga og marknadene som er eit viktig virkemiddel for å gjere systemdrift, marknader og marknadsaktørar betre i stand til å håndtere endringane som følgjer av meir uregulerbar kraftproduksjon, elektrifisering, meir effektkrevene forbruk mv. RME har og foreslått regelverksendringar for slik at nye forbrukarar kan bli knytt til nettet med meir fleksible avtalar. Vidare har RME hatt ein gjennomgang av driftskoordineringa i kraftsystemet som peikar på at auka digital informasjonsutveksling blir sentralt i framtida. I 2020 gjorde RME nær 2.000 ulike tilsyn av verksemdar som omfattar alt frå nettselskap, krafomsetjarar og overvaking av aktørane som handlar på elbørs. Resultata synar at gjennomføring av tilsyn er viktig for å sikre at aktørane overholdar regelverket. Samla sett har tiltaka bidratt til meir effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet.

Fristen for installasjon av AMS vart forskriftsfesta til 1. januar 2019. Av ulike årsaker kunne ikkje installasjonen av alle nye målarar gjennomførast innan fristen. I desember 2020 hadde om lag 98 prosent av målepunkta installert AMS. Dette legg til rette for at forbrukarane kan være meir aktive i kraftmarknaden, og gir nettselskapa meir informasjon om kva som skjer ute i nettet, som kan brukast til meir effektiv drift.

RME har arbeidd vidare med forslag om tariffar i distribusjonsnettet der kapasitet får meir vekt, og levert ein rapport med endelege tilrådingar på endringar i forskrift til OED. Les meir om dette i kapittel 3.7.4.

RME har, på oppdrag frå departementet, levert utkast til høyringsdokument om endringar i regelverket for tilkopling av forbruk. Endringane inneber at nettselskapa kan inngå tilkoplingsavtaler med forbrukskundar med vilkår om utkopling, dersom det er ynskjeleg frå begge partar. Føremålet med endringa er å gjere det mogleg for nettselskapa å tilknytte kundar som aksepterer å bli kopl ut ved konkrete hendingar i nettet utan å investere i nye nettanlegg. Ei slik endring vil gje betre utnytting av det eksisterande nettet og lågare framtidige nettkostnader som skal dekkjast gjennom nettleiga.

Som del i å skaffe eit meir omfattande kunnskapsgrunnlag om praksisen i nettselskapa for tilknytning av nye kundar, har RME sett ut eit oppdrag om kartlegging av kva som er vanleg praksis blant nettselskapa. Kartlegginga viser at det er store variasjonar i nettselskapa sine prosessar for tilkopling av nye kundar. Variasjonane finn vi både mellom nettselskap med ulik storleik og mellom nettselskap som er lokalisert ulike stader i Noreg, men det vart òg avdekt variasjonar mellom enkeltsselskap som elles kan samanliknast. RME meiner det er behov for å innføre krav til tilkoplingsprosessen som er tilpassa nettkundane sine forventningar og som sikrar effektiv tidsbruk og informasjonsflyt hjå alle nettselskap. Dette er noko RME vil jobbe vidare med framover.

For betre å forstå påverkinga av den aukande delen prosumentar har for drifta av det lågspente distribusjonsnettet, fekk konsulentsselskapet PQA i oppdrag å greie ut om dei tekniske konsekvensane av solceller i nettet. I tillegg vart det gjort ein teknisk analyse av kor mykje tilknytning det er plass til i nettet. Analysen viser at det er varierende kapasitet til solceller i nettet, og at kapasiteten vil avhenge av styrken på nettet som er analysert. Dei viktigaste tekniske utfordringane med solceller er spenningsstigning og termisk belastning av kablar. RME tek desse resultata med seg vidare i arbeidet med å undersøkje om dagens regulering for solceller er effektiv.

RME sende mars 2020 forslag til OED om å endre regelverket slik at nye forbrukarar kan bli knytte til nettet med avtalar om fleksible tilknytningar. Slike avtalar kan vere avtalar om utkopling av forbruk, og vil vere eit alternativ til å investere i nettkapasitet. Ei slik endring i regelverket vil bidra til at nettet kan utnyttast og utviklast meir effektivt. RME fekk i oppdrag frå OED å utarbeide utkast til høyringsdokument, som vart sendt over juni 2020. OED har hausten 2020 gjennomført høyring av endringsforslaget, og det er forventa at endringa vil bli sett i kraft i løpet av 2021.

På oppdrag frå OED leverte RME i november 2020 ein gjennomgang av organiseringa av driftskoordineringa i kraftsystemet. I gjennomgangen peikar RME på at auka digital informasjonsutveksling legg til rette for at meir informasjon med betre kvalitet kan delast effektivt mellom nettselskap, systemansvarleg og marknadsaktørar.

Vi publiserte rapporten «*Driften av Kraftsystemet 2019*» i juni 2020. Rapporten gjev oversikt over tilhøve som har verknad på forsyningstryggleiken i kraftsystemet, blant anna energitryggleik, driftsutfordringar, leveringspålitelegheit, driftstryggleik og frekvens- og spenningskvalitet.

På oppdrag frå OED har RME laga ein ny modell for å fordele tilskot til utjamning av nettleige. Oppdraget var at den nye modellen skulle byggje på den som har vore brukt tidlegare, men at han i tillegg skulle ta omsyn til at nettleiga til nettselskapa er underlagd ulike krav når det gjeld meirverdiavgift til hushaldsbruk og elavgift. Den nye modellen reduserer tilskota til selskapa i Nord-Noreg samanlikna med det dei ville fått med den tidlegare fordelingsmodellen. Dette kjem av at kundane der betaler mindre i elavgift og meirverdiavgift enn i resten av landet. RME la fram si tilråding til modell 2. oktober 2020.

RME har føreslått å endre på metoden for å fastsetje kostnadsnorma som inngår i fastsetjinga av Statnett si inntektsramme. Føremålet er å styrkje insentivet selskapet har til kostnadseffektivitet slik at nettleiga ikkje blir høgare enn naudsynt. Vi har føreslått at Statnett sin effektivitet skal målast mot eit glidande fem års historisk gjennomsnitt av Statnett sine eigne kostnader og oppgåver. Metoden er i all hovudsak den same som blir brukt i den europeiske benchmarkinga av TSO-ar som blir gjennomført periodevis i regi av CEER, men har ikkje dei same veikskapane knytte til metode, datakvalitet og transparens fordi han ikkje blir brukt på tvers av land. Metoden for å fastsetje kostnadsnorma ut frå den berekna kostnadseffektiviteten er den same som for andre nettselskap, men i tillegg blir den berekna kostnadsnorma justert ned med 1,5 prosent for til ein viss grad å ta omsyn til forventa produktivitetsutvikling. På oppfordring frå Statnett vart høyringfristen utsett frå 4. desember 2020 til 4. januar 2021.

Vi har gjennomført ei ekstern vurdering av behovet for kompensasjonen for arbeidskapitalbindinga i inntektsreguleringa. Det har ikkje vore ei slik ekstern evaluering etter at inntektsreguleringa vart innført. Det er tilrådd at kompensasjonen blir halvert samanlikna med dagens nivå og at grunnlaget for berekninga av kompensasjonen blir endra frå selskapets bokførte verdi av driftsmidlar til kostnadsnorma i selskapa som blir brukt til å fastsetje inntektsrammene. Ei slik endring vil kunne krevje individuelle tilpassingar for selskapa i Nord-Noreg som i vesentleg mindre grad krev inn elavgift og meirverdiavgift frå kundane. Tilrådinga vil bli vurdert av RME i løpet av 2021.

Vi har gjennomført ei ekstern vurdering av om kalibreringa av kostnadsnormene som inngår i berekninga av inntektsrammene er tilstrekkeleg nøytral med omsyn til driftstiltak vs. investeringar i nettanlegg. Dette vil blant anna vere viktig for å leggje til rette for utviklinga av fleksibilitetsmarknader der nettselskapa kan kjøpe fleksibilitet som eit alternativ til å investere i meir overføringskapasitet. Vurderinga er at det for nettselskapa er vesentleg meir lønsamt å investere i meir kapasitet framfor å betale for tiltak som gjer investeringa unødvendig. Ei endring av kalibreringsmetoden slik at han blir meir nøytral, kan også føre til at det generelt blir investert for lite over tid. Det er difor naudsynt å gjere fleire vurderingar før kalibreringa eventuelt blir endra, og dette arbeidet vil bli gjort i løpet av 2021.

Det har vore gjort omfattande arbeid med å vurdere korleis oppgåvevariablane ein nyttar i effektivitetsanalysane av dei lokale distribusjonsnetta, kan gjerast meir eksogene. Dette vil styrkje insentiva i inntektsreguleringa og skal bidra til at effektivitetsanalysane også vil vere relevante når bruken av nettet blir mykje endra som følge av ny produksjonsteknologi og auka elektrifisering. Det har vore arbeid med metodar som nyttar AMS-data frå Elhub og geografisk informasjon om forbruk, innmating og nettstasjonar for å ta omsyn til at energi og effekt skal transporterast over ulike avstandar i dei ulike nettselskapa. Dette er

krevjande, og det står att mykje arbeid for å løyse utfordringar for å kunne ta i bruk slik informasjon på ein effektiv og rimeleg måte. Dette arbeidet vil halde fram i fleire år framover.

RME sende i 2020 på høyring eit forslag til løysing og tidsplan for innføring av 15 minutt tidsoppløysing i balanseavrekninga, og dessutan forslag til endringar i avrekningsforskrifta om fastsetjing av nye funksjons- og tryggingsskrav for avanserte måle- og styringssystem (AMS). Det grønne skiftet medfører store endringar i det norske og nordiske kraftsystemet. Det blir vanskelegare å halde oppe den løpande balanseringa av systemet, og det er nødvendig å gjere nye tiltak for å unngå fysiske ubalansar og frekvensavvik. Finare tidsoppløysing i balanseavrekninga og marknadene er eit viktig verkemiddel for å gjere systemdrift, marknader og marknadsaktørar i betre stand til å handtere desse utfordringane og halde oppe god driftstryggleik i framtida.

### **3.4 Delmål 4: Delta aktivt i regionalt og europeisk regulatorsamarbeid**

RME har i 2020 brukt ressursar på prioriterte område for å påverke utviklinga av dei europeiske reglane som vil få innverknad for Noreg. Vi har delteke i europeisk regelverksutvikling og regeltolking i CEER og ACER og i det nordiske regulatorsamarbeidet NordREG. Målet er å vareta Noreg sine interesser og behov på prioriterte område. Som omtalt i delmål 1, skjer harmoniseringa av regelverket i Europa ved at det blir utarbeidd og implementert forordningar med harmonisert regelverk og metodar. No som dette arbeidet er i implementeringsfasen, er det eit omfattande, komplisert og ressurskrevjande arbeid.

RME følgjer regelverksutforminga ved å delta på alle nivå frå arbeidsgrupper til styre i NordREG, CEER og ACER. For å ta vare på norske interesser informerer RME bransjen om pågåande regelverksutforming og gjennomfører høyringar. Regelverk som er implementert i Noreg, blir følgt opp gjennom tilsyn.

RME har i europeisk samanheng delteke med skriverressursar i rapportar utarbeidde av CEER. Vi har mellom anna leia arbeidet med «*DSO Procedures of Procurement of Flexibility*», og delteke på «*2nd CEER Report on Power Losses*», «*Recommendations on Dynamic Price Implementation*» og «*Electricity Distribution Tariffs Supporting the Energy Transition*». RME har vore med i styringsgruppa for den europeiske benchmarkinga av TSO-ar. Gruppa har evaluert den førre benchmarkinga og føreslått forbetringar til den neste.

Vidare har RME bidrege med ressursar i CEER sitt treningsprogram for reguleringsmyndigheitene i Europa for å dele kunnskap og erfaring frå blant anna den norske inntektsreguleringa av nettselskap.

I nordisk samanheng har vi arbeidd mykje med forordningane for systemdrift og marknad, det er fagområde som krev omfattande og tett regionalt samarbeid. Mellom anna har RME, i lag med dei andre nordiske reguleringsmyndigheitene, arbeidd for ei smidig implementering av konseptet for balansering av kraftsystema. RME har òg arbeidd med forordningane om kapasitetsfastsetjing og marknadsløysing. I all hovudsak skjer arbeidet regionalt gjennom aktiv deltaking og i nokre tilfelle leiing av arbeidsgrupper på ei rekkje område. I 2020 har RME vore leiar av fleire NordREG-arbeidsgrupper, mellom anna Wholesale and Transmission, Single Market og Nordic Balance Settlement.

Det har òg vore informasjonsutveksling om mellom anna monitorering av sluttbrukarmarknaden og inntektsrammereguleringa. Dei nordiske reguleringsmyndigheitene (NordREG) har òg publisert ein rapport om aggregatorar.

### **3.5 Samla vurdering av hovudmålet**

Ei tettare integrering mot Europa vil gjere at Norden blir del av ein større marknad. Fornybar energi vil utgjere ein stadig større del av energiproduksjonen i heile Europa. Elektrifisering av ulike sektorar vil medverke til auka kraftforbruk. Forbrukarane vil etter kvart ta ei gradvis meir aktiv rolle i kraftmarknaden.

EU utviklar eit felles regelverk for kraftmarknaden. RME arbeider aktivt med påverknad i arbeidet knytt til utvikling av regelverk for å vareta norske interesser og behov. Energibransjen blir informert og involvert gjennom høyringar, seminar, forum og liknande før regelverket blir implementert i Noreg. Det har vore fleire store og sentrale regelverksendringar i 2020. RME vurderer at tiltaka i stor grad har bidrege til effektive marknader og eit godt fungerande energisystem.

Vi meiner at aktivitetane i 2020 har fremja ein samfunnsøkonomisk effektiv produksjon, overføring, omsetnad og bruk av energi.

### **3.6 Vurdering av brukar- og samfunnseffektar**

RME har i 2020 bidrege med viktige tiltak for å modernisere drift og utvikling av kraftsystemet for å handtere konsekvensane som følgjer av elektrifisering av transportsektoren, tilknytning av ny fornybar kraftproduksjon, meir effektkrevjande forbruk mv. Her inngår mellom anna vurdering og avgjerder om viktige spørsmål for utviklinga av energisystemet for framtida, blant anna for utnyttinga av mellomlandskablane, verdiskapinga i norsk regulerbar vasskraft og for driftstryggleiken i Norden. Vi har òg gjort fleire andre tiltak som gjev meir effektiv drift og utvikling av kraftsystemet slik at nivået på investeringar i nettinfrastruktur ikkje blir for høge eller låge, og at det blir drifta kostnadseffektivt. Samla sett legg tiltaka til rette for at Noreg kan nå målsetnaden om å redusere klimagassutslepp med 55 prosent innan 2030.

Etter vår vurdering har aktivitetane i tillegg til nemnde samfunnseffektar, òg bidrege til at brukarane får riktigare prissignal og kan ta meir aktive val (til dømes om dei vil lade elbilen på natta eller dagen). Effektar som mellom anna elektrifisering og at brukarane ikkje må betale unødvendig høge kostnader for overføring av straum, er sentrale brukareffektar av aktivitetane.

### 3.7 Særskilde oppgåver

RME har i 2020 arbeidd med særskilde oppgåver som vi rapporterer på i dette kapittelet.

#### 3.7.1 Gjennomgang av driftskoordinering i det norske kraftsystemet

Sommaren 2019 sette RME ned ei ekspertgruppe som vart beden om å gje innspel til gjennomgang av dagens driftspraksis og koordinering mellom systemansvarleg, regionale og lokale nettselskap og relevante aktørar. Ekspertgruppa leverte sin rapport 8. mai 2020, og rapporten vart send på høyring i bransjen.

På bakgrunn av rapporten frå ekspertgruppa, og innspel frå bransjen, leverte RME i november 2020 sin gjennomgang av organiseringa av driftskoordineringa i kraftsystemet. I gjennomgangen har RME vurdert om dagens oppgåver, plikter og ansvarsdeling mellom systemansvarleg og nettselskapa er presisert tydeleg nok i dagens regelverk, og om det er behov for å etablere ordningar for regional og lokal nettstyring. I tillegg vart vi av departementet bedne om å skildre føremålstenleg informasjonsutveksling mellom aktørane i kraftsystemet. I gjennomgangen peikar RME på at auka digital informasjonsutveksling legg til rette for at meir informasjon med betre kvalitet kan delast effektivt mellom nettselskap, systemansvarleg og marknadsaktørar. Vidare syner RME til at tydeleg ansvarsdeling og effektiv samhandling er føresetnader for effektiv driftskoordinering.

#### 3.7.2 Vurdere endringar i reguleringa av nettselskapa for raskare overgang til 400V T-nett

I 2020 har RME med bistand frå avdelingar i NVE vurdert aktuelle endringar i reguleringa for å få til ein raskare overgang frå dagens spenningsystem i lågspenningsnettet, til 400 V TN-nett. Ein rapport med endelege vurderingar vil bli send over til departementet i løpet av 2021.

#### 3.7.3 Evaluering av forum for framtidens nett

I 2017 vart RME gjeve i oppdrag å etablere eit forum for framtidens nett. Forumet hadde som overordna mål saman med bransjen å kome med innspel til om, og eventuelt korleis, reguleringa kan leggje til rette for meir effektiv drift, utnytting og utvikling av nettet. Forumet skulle evaluerast i 2020.

Etter å ha evaluert forumet, har RME erfart at forumet har fungert etter føremålet, og at det vil vere føremålstenleg å vidareføre forumet med tilnærma same aktivitetsnivå som til no.

#### 3.7.4 Ny nettleigestructur i distribusjonsnettet

RME sende forslag til ny nettleigemodell ut på høyring første halvår 2020. Høyringa vekte interesse godt utover bransjen, og vi fekk samla over 130 høyringsinnspel frå nettselskap, bedrifter, interesseorganisasjonar og privatpersonar. Desse vart oppsummerte saman med dei endelege tilrådingane frå RME til reglar om ny nettleigestructur i ein rapport som vart send over til departementet i september 2020.

#### 3.7.5 Vurdering av å skilje ut reglane for inntektsrammereguleringa i eiga forskrift

RME har vurdert at dette er føremålstenleg, men ressursituasjonen i 2020 gjorde at dette arbeidet vart utsett til 2021.

#### 3.7.6 Vurdering om det er behov for å tilpasse forskrift om kraftomsetting og nett-tenester i samband med gjennomføring av kommisjonsforordning 2017/2195 for gjennomføring av balansering av kraftsystemet i norsk rett

RME sende forslag til løysing og tidsplan for innføring av 15 minuttstidsoppløysing i balanseavrekninga. Vi sende òg forslag til endringar i avrekningsforskrifta om fastsetjing av nye funksjons- og tryggleikskrav for avanserte måle- og styringssystem (AMS) på høyring første halvår 2020. Samla fekk vi 16 høyringsinnspel. Desse vart oppsummerte saman med RME sine endelege tilrådingar i ein rapport som vart send over til departementet i januar 2021.

Arbeidet med å vurdere endringar i forskrift om kraftomsetting og nettenester § 5-2 for gjeninnføring av einpris-modellen i balanseavrekninga vart påbyrja hausten 2021. Av omsyn til ressursituasjonen er arbeidet utsett til 2021.

### *3.7.7 Bistand til departementet i vurdering av marknadsdelen av EUs Rein energipakke*

RME har følgd opp Rein energipakka som vart vedteken i EU i mai 2019. Vi har arbeidd særskilt med marknadsdesigndelen og hjelpt Olje- og energidepartementet med vurderingar i denne samanhengen.

### *3.7.8 Høyring om plusskundar i same bygning*

Den tekniske løysinga for fordeling av overskotskraft i blokkbustader gjennom korrigering av måleverdiar i Elhub, har vore klar i lengre tid. For å sikre effektiv gjennomføring er det viktig at løysinga er koordinert med Skattedirektoratet og regelverket for elavgift.

Solcellestrøm er fritaken for elavgift når han er til eige bruk, produsert i eigne solcelleanlegg, og går direkte via internt leidningsnett frå solcelleanlegget til forbrukarane sine bygningar. Kravet til eige leidningsnett kan gjere det vanskeleg blant anna for burettslag o.l. å utnytte fritaket. Årsaka er at abonnentane ofte får elektrisiteten levert over det ordinære leidningsnettet. Skattedirektoratet har i samråd med Noregs vassdrags- og energidirektorat vurdert alternative endringar for å utforme fritaket på ein betre måte, og innanfor ramma av statsstøtteregelverket/EØS-avtalen. Finansdepartementet vurderer no forslag til endringar i samarbeid med Olje- og energidepartementet.

### *3.7.9 Særskilde tiltak som følgje av Covid-19*

RME sette i verk fleire tiltak overfor konsesjonæranne i 2020 som følgje av Covid-19. Det har regelmessig vore halde felles møte med alle tre bransjeorganisasjonar for å få innspel på utfordringane blant medlemene deira og moglege tiltak som kan setjast i verk av RME for å hjelpe på situasjonen.


I 2020 har Statnett som avrekningsansvarleg, og Nord Pool som marknadsplasskonsesjonær, gjeve RME status kvar veke om den økonomiske situasjonen for aktørar som handlar på marknadsplassane deira. Føremålet var å fange opp så tidleg som mogleg forhold som kunne forplante seg til andre delar av bransjen.

RME bad tidleg alle nettselskap om å forsikre seg om at dei hadde tilstrekkeleg gode planar for å handtere leveringsplikta dersom éin eller fleire kraftleverandørar skulle innstille verksemda si og ein større del av kundemassen hamnar på leveringsplikt.

RME gav alle nettselskapa dispensasjon frå kravet om å styre mindreinntektssaldoen mot null dersom dei ønskte å setje ned nettleiga for å gjere situasjonen lettare for kundane.

RME gjennomførte jamlege spørjeundersøkingar om den økonomiske situasjonen for nettselskapa, med hovudfokus på likviditeten og forventningane deira om korleis denne ville utvikle seg dei neste fire vekene. Dei fleste nettselskap har hatt god eller svært god likviditet gjennom heile året. Nokre få selskap har hatt anstrengt eller svært anstrengt likviditet etter sommaren. Selskapa nemner investeringar, betening av gjeld, låge kraftprisar og lågare forbruk enn forventa som dei viktigaste årsakene til at likviditeten var svak. For reine nettselskap i konsern har dei låge kraftprisane påverka likviditeten fordi denne blir styrt på konsernnivå. Reduksjon i nettleige, manglande innbetaling av nettleige og kraftleverandørar som ikkje innbetaler gjennomfakturert nettleige, har hatt mindre å seie enn dei førstnemnde faktorane.

## Årsrapport 2020 for Reguleringsmyndigheita for energi



### *3.7.10 Tilsynsverksemd*

RME har eit omfattande kontrollansvar innanfor energiforsyning. RME nyttar omgrepet tilsyn om alle typar kontrollar, overvakingar, og eventuell oppfølgjande reaksjonsbruk. Overordna mål med tilsynet er å sikre at aktørane etterlever krava i regelverk og vedtak. Tilsyn er ein viktig del av den totale reguleringa av energimarknaden, og det utfyller dei andre verkemidla vi har. RME bruker både direkte regulering, gjennom spesifikke regelverkskrav, og insentivregulering, gjennom mål og indirekte verkemiddel.

RME er oppteken av at avdekte avvik skal følgjast opp med føremålstenlege reaksjonar. Dei siste åra har vi meir aktivt teke i bruk formelle reaksjonar ved alvorlege brot på dei krava som gjeld. Reaksjonsbruk har stor effekt. Bruk av til dømes lovbrotsgebyr i ei sak får mykje merksemd i media og hos andre aktørar innanfor same fagområdet. Reaksjonsbruk gjev på den måten ofte ringverknader langt ut over den konkrete saka. Dette viser at det må vere eit tett samspel mellom kontroll og reaksjonsbruk for å sikre at dei gjeldande krava blir følgde opp av aktørane innanfor energisektoren.

For å føre tilsyn må det liggje klare krav, anten i regelverk eller i vedtak, som det kan kontrollerast opp mot. I 2020 har RME mellom anna revidert forskriftene om leveringskvalitet og systemansvaret i kraftsystemet, og utarbeidd forskrift om netregulering og energimarknaden. Alle desse regelverksendringane gjev meir presise krav, og vil dermed leggje grunnlaget for eit meir målretta tilsyn.

Innanfor energiforsyning har RME tilsynsansvar for Statnett si utøving av systemansvaret, kraftmarknadsåtfærd, marknadsplass for omsetjing av elektrisk kraft, utanlandshandel, regulerkraftavrekning, tilknytingsplikt, prising av nettenester, leveringskvalitet og økonomisk og teknisk rapportering til RME.

RME kontrollerer nettselskapa si etterleving av gjeldande regelverk og syter for at dei opptrer nøytralt og ikkje utnyttar monopolsituasjonen sin. Vi utfører òg tilsyn for å sikre ein effektiv og sikker kraftmarknad.


RMEs tilsyn er den konkrete kontrollen med etterlevinga av regelverket og reaksjonar ved avvik frå regelverk. Kontrollen blir i hovudsak utført som revisjonar, men også andre metodar blir nytta, som til dømes kartlegging retta mot fleire aktørar samtidig, spørjeundersøkingar eller samanstilling av dokumentasjon. I tilsynsaktiviteten inngår også overvaking innanfor område, til dømes av aktøråtfærd eller ved bruk av informasjon frå spørjeundersøkingar. Vi utfører òg tilsynsarbeid som ei følgje av klagesaker.

RME sin tilsynsaktivitet innanfor dei enkelte tilsynsområda har i 2020 vorte noko redusert som følgje av koronasituasjonen. Tilsynsaktivitetane på dei einskilde tilsynsområda er omhandla under dei respektive resultatmåla i andre delar av denne årsrapporten. Her presenterer vi hovudtrekk og nokre viktige erfaringar frå tilsynsverksemda i 2020.

#### *RME nyttar fleire kontrollmetodar*

RME har ei risikobasert tilnærming og nyttar fleire kontrollmetodar. Val av metode blir teke ut frå kva som høver best til området det skal førast tilsyn med. I 2020 gjorde RME nær 2.000 ulike kontrollar av verksemdar. Dette omfattar alt frå nettselskap, krafomsetjarar og overvaking av aktørane som handlar på elbørs. Resultata synar at gjennomføring av tilsyn er viktig for å sikre at aktørane overholdar regelverket.





Figur: Oversikt tal på kontrollar etter metode

Oversikta syner klare forskjellar mellom dei tre områda i bruk av kontrollmetodar. Arbeidsmengda ved revisjonar er større enn til dømes ved spørjeundersøkingar. I 2020 var talet på spørjeundersøkingar høgt då det var ein serie på 10 med same undersøking retta mot dei same selskapa om deira aktivitet og økonomiske situasjon i lys av koronasituasjonen (sjå omtale i kap. 3.1 | Særskilde tiltak som følgje av Covid-19).

#### Aktivitetar, funn og reaksjonar

Til saman vart det avdekt 366 avvik frå tilsynsaktiviteten i 2020.

I 2020 førte RME tilsyn med fire nettselskap si etterleving av om regelverket for anskaffingar frå selskap i same konsern vart gjort i konkurranse. Det vart avdekt 10 avvik relaterte til at anskaffingar til nettverksemda ikkje var gjort i tilstrekkeleg konkurranse.


Det ble avholdt syv tilsyn med leveringskvalitetsforskriften og konsesjonærenes pliktar etter systemansvarforskriften. Det ble avdekket totalt 36 avvik og 15 anmerkningar gjennom disse tilsyna. Generelt avdekkes det ein del avvik på krav til saksbehandling i forbindelse med sakar om spenningskvalitet og leveringspålitelighet hos nettselskapa, og vi ser derfor at det er viktig at tilsyn blir gjennomført. Vi har vidare ført tre tilsyn med nettselskapa si praktisering av tilknytings- og leveringsplikta og tre tilsyn med anleggsbidrag.

Vi har ført tilsyn med Elhub, for å sjå til at Elhub driv informasjonssystemet på ein sikker måte. Tilsynet avdekte eit avvik knytt til manglande vurdering av risiko. Avviket vart lukka etter tilsynet.

RME følgjer opp konsesjonærar av marknadsplasskonsesjon, systemansvarleg og utanlandshandel og har i 2020 hatt ordinære oppfølgingsmøte med konsesjonærane.

#### Reaksjonar

Kontrollar avdekkjer avvik. RME nyttar ulike former for reaksjonar for å lukke desse avvika. I 2020 var det varsla 108 reaksjonar og gjort 89 vedtak om bruk av reaksjonar. Dei fleste rettar seg etter krav om rettingar slik dei går fram i varsel om reaksjon. Difor blir vedtak om tvangsmulkt, lovbrotsgebyr og tilbaketrekking av konsesjonar mindre naudsynt. Retting og tvangsmulkt er dei mest brukte formene for reaksjon. (sjå Figur om reaksjonar).



Figur: Oversikt over reaksjonsbruk til RME

### 3.7.11 Forvaltingsretta forskning og utvikling

NVE og RME vart i 2020 tildelt 15 millionar kroner til forskning og utvikling (FoU) som skal bidra til å auke forvaltingskompetansen og kvaliteten på våre ansvarsområde. I 2020 vart det gjeve midlar til 68 ulike FoU-prosjekt, alle nyttige for oppgaveløysinga i NVE og RME og dermed vidare for våre brukarar i samfunnet.

Nettselskapa vil spele ei viktig rolle i omlegginga til eit utsleppsfritt samfunn. Meir fornybar produksjon, nye måtar å bruke straum på og behov for god forsyningstryggleik vil utløyse nye investeringar og gje selskapa nye oppgåver. Digitaliseringa gjev RME tilgang på nye data om straumforbruket og komponentane i nettet. Vi har difor sett i gang eit FoU-prosjekt som skal utvikle nye variablar for effektivitetsanalysane. Dei nye variablane skal meir direkte fange opp oppgåva med å frakte straum i distribusjonsnettet. Eit prosjekt for å synleggjere økonomisk nytte og mogleg avkastning og samfunnsmessige nytteverdiar av FoU i nettverksemda er også sett i gang. Det er også sett i gang eit prosjekt om korleis AMS-data vil gjere nettselskapa i stand til meir effektiv drift og utvikling av eige nett.

Fleire nye aktørar tek del i elektrifiseringa. RME har difor sett i gang følgjeforskning knytt til åtte storskala demonstrasjonsprosjekt i samarbeid med Enova. Prosjekta skal demonstrere ny teknologi, digitale løysingar og forretningsmodellar som utnyttar fleksibiliteten i energisystemet. RMEs mål er å syte for ei konsistent oppfølging av slike prosjekt ved å utgreie viktige spørsmål om samfunnsøkonomisk nytte, og skilje mellom monopoloppgåve (netteneste) og marknadsbaserte (konkurransettsette) tenester. Vi deltek òg i eit prosjekt om korleis ulike former for «lokale energisamfunn» kan ha innverknad for drift og planlegging hos nettselskapa.

I 2020 har RME arbeidd vidare med maskinlæringsmodellar for overvaking av fysiske kraftmarknader, og vi har sett på korleis kunstig intelligens kan brukast til å avdekkje potensiell marknadsmisbruk.

RME er brukarpartner i CINELDI, ein av åtte norske FME-ar. Forskingssenteret består av fem arbeidspakker knytte til nettutvikling og anleggsforvaltning, systemdrift i smarte nett, DSO/TSO interaksjon, mikronett og bruk av fleksible ressursar.

### **3.8 Omtale av ressursbruk**

RME har i fleire år gjennomført tiltak for å sikre effektiv utnytting av ressursane ved omfordeling av ressursar mellom fagområde, effektivisere og digitalisere arbeidsprosessar mv. Vi har redusert bemanninga som arbeider med den økonomiske reguleringa og tilsyn og kontroll med sluttbrukarmarknaden, for å kunne styrkje den juridiske kapasiteten ved RME, byggje opp ei marknadsovervaking for engrosmarknaden mv.

Trass i desse tiltaka er ressurssituasjonen krevjande, og RME kan berre gjere dei viktigaste oppgåvene som hastar mest, i tillegg til løpande handheving av reguleringa som å fastsetje inntektsrammer og meir-/mindreinntekt, handsame klagesaker og føre tilsyn. Tilsynsaktiviteten er på eit svært lågt nivå. I 2021 tek vi sikte på å gå igjennom organiseringa av RME og vurdere ei eventuell omstrukturering for å sikre at RME, innanfor tilgjengelege ressursar, er best mogleg rusta til å vareta nye behov i eit kraftsystem i rask endring gjennom ei dynamisk og framtidretta regulering.

## **4. DEL IV: Styring og kontroll**

Vi viser til NVE sin årsrapport for informasjon om styring og kontroll.

## 5. Del V: Vurdering av framtida

Noreg har som mål å redusere utslepp av klimagassar med 50 til 55 prosent før 2030. For å nå måla i klimapolitikken er det viktig å modernisere drifta og utviklinga av kraftsystemet for å handtere konsekvensane som følgjer av elektrifisering i transportsektoren, tilkopling av ny fornybar kraftproduksjon, meir effektkrevjande forbruk m.m.

Det norske kraftsystemet er tett integrert med Norden og Europa, og den nødvendige moderniseringa av kraftsystemet skjer ved at det blir utarbeidd og implementert forordningar med harmonisert regelverk og metodar. Forordningane går no frå utviklingsfasen til implementering. Dette er eit omfattande, komplisert og ressurskrevjande arbeid som er sentralt for å vareta Noreg sine interesser og behov. Reguleringsmyndigheitene må bli samde om konkrete løysingar som systemansvarlege og kraftbørsar skal følgje i drifta av kraftsystemet, og som reguleringsmyndigheitene skal handheve. Dette er komplekse spørsmål som er viktige for utviklinga av framtidas energisystem, blant anna for utnyttinga av mellomandskablane, verdiskaping i norsk regulerbar vasskraft og for driftstryggleiken i Norden. Det er ressurskrevjande å kome fram til felles syn og vedtak blant reguleringsmyndigheitene. Dette krev eit sterkt fagmiljø som kan delta i arbeidet og følgje prosessane over tid gjennom aktiv deltaking i nordisk og europeisk regulatorsamarbeid.

I takt med meir utfordrande systemdrift, får systemansvarleg ei stadig viktigare rolle for aktørane og for den totale effektiviteten i sektoren. Det er behov for at RME byggjer opp kompetanse på nettkapasitetsmetodikk og nettmodellar som blir nytta av systemansvarleg, både for å kunne følgje opp systemansvarleg si kapasitetsfastsetjing og for å ha ei effektiv marknadsovervaking.

Dei neste 10 åra er forventade investeringar i kraftnettet på 135 mrd. kroner, og i 2020 var den samla inntektsramma på om lag 27 mrd. kroner. Denne blir fordelt vidare til nettselskapa ved hjelp av ulike metodar og modellar. Målet med den økonomiske reguleringa er å bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet. Det er viktig at nivået på investeringar i nettinfrastruktur ikkje blir for høgt/lågt og at nettet blir drifta kostnadseffektivt. Auka elektrifisering og endring i bruken av kraftsystemet gjer at det er behov for meir avanserte modellar for at reguleringa framleis skal ha nødvendig tillit. Nettselskapa etterspør i aukande grad modellar og metodar som tek omsyn til kor store avstandar energi og effekt skal transporterast i nettet, og at selskapa har tilkople kundar med ulike behov for leveringspålitelegheit.

Det skjer ei rask og omfattande teknologiutvikling i den kundenære delen av kraftsektoren. Ein stor del av den nye kraftproduksjonen blir tilkople til distribusjonsnettet, og elektrifisering av transport m.m. vil også bli tilkople det same nettnivået. Samtidig gjev ny teknologi nye opningar for å utvikle lokale energiløysingar og meir fleksibelt straumforbruk. Dette skaper fleire utfordringar som gjev behov for å vidareutvikle reguleringa. Blant anna:

- Drifta av distribusjonsnettet blir meir kompleks og krevjande, og må i auka grad bli effektivt koordinert på tvers av nettområde og nettnivå.
- Det er auka forventning til at nye nettkundar skal bli raskt tilkople, samtidig som ein bør unngå unødvendige nettinvesteringar. For å sikre gjennomføring av klimapolitikken er tilstrekkeleg tempo i elektrifiseringa viktig.
- Ei uheldig utforma regulering kan medføre at det blir etablert parallell infrastruktur og utilsikta omfordeling av felleskostnader. Kraftmarknaden blir meir kompleks, og det kan bli vanskelegare for kundane å gjere gode val ut frå eigne behov.

RME vil utvikle reguleringa slik at ho styrkjer insentivet til effektiv drift, utnytting og utvikling av nettet. Dette omfattar eit sett av tiltak, mellom anna endringar i innteksreguleringa, auka tilgang til å teste ut nye løysingar, og dessutan styrkt krav til nøytralitet for nettselskapet. Vidare vil vi m.a. arbeide med reguleringa for å leggje til

rette for fleksibilitetstenester, elektrifisering av transportsektoren og ein meir velfungerande sluttbrukarmarknad.

Det er behov for tettare oppfølging av Statnett sine kostnader og utøving av systemansvar, og god forståing av alle forhold knytte til plikt om tilknytning og systemdrift. Dette er spesielt viktig no når det er høg investeringstakt og auka nettkostnader, samtidig som det er behov for tettare oppfølging av verkemiddel i driftsfasen. Framover vil RME arbeide for å sikre ei effektiv driftskoordinering av kraftsystemet, mellom anna gjennom auka digitalisering.

I EU sine planar er det venta omfattande utbygging av vindkraft til havs, i Noreg er to område i Nordsjøen opna for slik verksemd. Ei storstilt utbygging av havvind kan òg bli kombinert med ulike former for kraftforbruk til havs. Desse framtidsutsiktene kan gjere det naudsynt å utvikle regulering for kraftnett til havs som legg til rette for andre nettløysingar enn radialar frå produksjon- eller forbrukspunkt og til land. Slik regulering fell i hovudsak utanfor myndigheita RME har etter energilova og NEM-forskrifta, men fordi politikktviklinga i EU kan få verknad for verdiskaping knytt til havvind på norsk kontinentalsokkel, vil RME bruke noko ressursar på å følge utviklinga i Europa på dette området. Sjå også brev frå Olje- og energidepartementet av 16.12.2020 til RME om dette. RME vil utarbeide forslag til ny regulering om departementet ber om det.

## 6. Publikasjonslister

*Publikasjonar i seriane til RME i 2020 er å finne på RME sine nettsider [her](#)*